

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/23 Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksopplysning/vurdering:

Det er i år innkomne 123 søknader på fellingsløyve frå innanbygdsbuande jegerar.

Statsallmenningen vert tildelt 13 løyve på bukk 1,5+, ut frå vedtak i villreinnemnda om minsteareal og utrekninga som valdansvarleg (grunneigarlaget for villreinvald) har gjort på grunnlag av dette.

	Bukk 1,5+	Simle/ ungdyr	Kalv	
NF 401				
NF402				
NF451	13	0	0	
Sum	13	0	0	13

Av dette må det trekkjast ut eit bukkaløyve, som går til trekning mellom deltakarane i jaktkarusellen. I sak 15/23 vart det bestemt at me skulle halda igjen 1 bukkaløyve til dagskort.

Fjellstyret skal då fordela korta på 11 jegerar: 11 bukk 1,5+, 0 simle/ungdyrkort og 0 kalvekort.

Med ein kvote på 11 dyr til fordeling og 123 søkjarar vil me i år få ei varamannsliste på 112 namn.

Framlegg til framgangsmåte ved trekninga:

Denne byggjer på innarbeidd praksis, tilpassa særskilte tilhøve det einskilde år.

Fylgjande lister ligg ved:

- Alfabetisk søkjarliste 2023
- Varamannslista frå i fjor
- Liste over dei som fekk i fjor og nye søkjarar

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.6.23

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/23, side 2

1. Me trekke ny varamannsliste fyrst, ta fram lista over dei som fekk i fjor og nye søkjarar minus fyrstegongs, det er 21 namn på den lista. Legg 21 nummererte lappar i hatten og trekk.
2. Ta så fram varamannslista frå i fjor og legg til dei 7 fyrstegongsjegrane som har søkt i år. Det er kun bukk 1,5+ som blir delt ut i år så då er det 11 jegrar som får løyve, resten på varamannslista har plassen sin til neste år.

Broksfjellkorta

I utlysinga vart det skrive at det måtte sendast eigen søknad på dei fellingsløyva som er tildelte av Hardangerviddakvoten til Broksfjellet statsallmenning. 45 innanbygds jegerar har søkt, me har ei varamannsliste frå i fjor med 32 namn.

Endeleg kvote og fordeling på Ha 28 Aurland er bestemt til 15 løyve +. Då får statsallmenningen 4 løyve på bukk 2,5+ til fordeling.

Framgangsmåte trekking:

1. Me trekke ny varamannsliste mellom dei som fekk i fjor og nye søkjarar fyrst. Legg 13 nummerete lappar i hatten og trekk så legg me dei inn etter dei 32 på varamannslista frå i fjor.
2. Dei 4 fyrste på varamannslista frå i fjor vil då få fellingsløyve.

Framlegg til vedtak:

Trekninga vert gjort i samsvar med den prosedyren som er skissert i saksutgreiinga.

Fjellstyrekontoret, den 10/6-23

Håkon Øydvin